

Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 Oslo

Dykkar ref.

Vår ref.

23/15413-49

Dato:

07.03.2024

Delegert – Plan/geodata/oppmåling

Delegert saksnr: 003/24

Delegert vedtak - Nye områdeadressenamn 2080, 4017, 4019-4050

Kort om saka:

Retningslinjer for adressering og tildeling av adressenamn i Øygarden kommune vart vedteke 17.06.2021 (KS-sak 091/21). Gjennom retningslina vart det oppretta eit administrativt namneutval, og eining plan, geodata og oppmåling vert delegert namnemynde for kommunen. Namneobjekt av stor offentleg betydning vart ikkje delegert.

Denne gongen er det gjort vedtak om tildeling av 34 nye områdeadressenamn i Øygarden kommune.

Namneutvalet i kommunen har i saksførebuinga gått gjennom diverse materiale for dei aktuelle områda. Det er også nytta oppslagsverk som Hordanamn og stadnamnregisteret (SSR). På bakgrunn av dette har namneutvalet føreslege namn, og sendt dette ut saman med høyringsbrev. Samstundes oppmoda ein til andre forslag. Høyringa vart sendt til alle hytteeigarar/grunneigarar for områda, men også lag/organisasjonar, mållag, kulturlag og liknande der dette fanst. Høyringa vart dessutan annonsert i Vestnytt og på Øygarden kommune sine heimesider 29.09.2023 med høyringsfrist 01.12.2023. Vestnytt laga òg ein nyhendeartikkel om saka. I høyringsperioden kom det innspel frå ti personar. Ingen lag/organisasjonar har gitt innspel.

Innkomne innspel saman med Namneutvalet sine forslag, vart sendt til Språkrådet for tilråding 20.12.2023. Svar på tilråding frå Språkrådet kom til kommunen 22.01.2024.

Kartverket har kommentert nokre av tilrådingane til Språkrådet i epost datert 01.03.2024.

Namna som no vert lagt fram er sjekka opp mot eksisterande namn i Øygarden kommune, og om dei kan forvekslast i uttale eller skrivemåte.

Besøksadresse

Øygarden rådhus
Foldnesvegen 1
5354 STRAUME

Postadresse

Ternholmvegen 2
5337 RONG

Kontonummer

1506.24.29981

Organisasjonsnummer

922 53 0890

E postpostmottak@oygarden.kommune.no**Telefon**

56 16 00 00

Vedtak:

Einingsleiar ved plan, geodata og oppmåling vedtek i medhald av matrikkellova §21 og stadnamnlova §7 følgjande adressenamn på desse områda:

Akode 2080: Bukkasundet
Akode 4017: Ettersundosen
Akode 4019: Opsøyna
Akode 4020: Brakholmen
Akode 4021: Skurvholmen
Akode 4022: Beleholmen
Akode 4023: Litlakinna
Akode 4024: Storakinna
Akode 4025: Spildholmen
Akode 4026: Kørelen
Akode 4027: Høset
Akode 4028: Torvaneset
Akode 4029: Myntevik
Akode 4030: Vikane
Akode 4031: Løno
Akode 4032: Lyngholmssundet
Akode 4033: Geitarøyna
Akode 4034: Veløyna
Akode 4035: Storholmen
Akode 4036: Kongvika
Akode 4037: Snekkevikholmane
Akode 4038: Arefjordpollen
Akode 4039: Vestre Bildøyna
Akode 4040: Foldnesholmane
Akode 4041: Bruane
Akode 4042: Søre Knappavågen
Akode 4043: Breiholmen
Akode 4044: Buholmen
Akode 4045: Midtbuarøyna
Akode 4046: Nordra Sandøyna
Akode 4047: Landrøyna
Akode 4048: Oksen
Akode 4049: Giljeneset
Akode 4050: Misjesundet

Saksopplysningar:

Kva er ei områdeadresse?

I område utan klare vegsystem kan ein tildele *områdeadresser*. Områdeadresser har same struktur som ordinære vegadresser med adressekode, adressenamn og eit adressenummer til kvar enkelt eining. Skilnaden er at adresseparsellane ikkje er knytt til ein veg, men til eit stisystem, eit område eller f.eks ei øy. Avgrensing av områda er ikkje endeleg, men er kun retningsgivande. Ved ytterlegare utbygging kan det henda at større område vert omfamna av områdeadressa.

Akode 2080: Bukkasundet

Lokasjon: Område mellom Lerøyna og Bjelkarøyna. Gnr 102 og 103, Bjelkarøyna og Bukken. Det er tidlegare vedteke namnet *Bukken* som områdeadressenamn på øya Bukken, men ingen har fått tildelt adresser. I etterkant viser det seg at dette er eit namn som ikkje tener heile området. Kommunen ønskjer å innlemme fleire av naboøyane som er bebygd i same namnet. Ved så mange konsentrert bebygde øyar, vil det vera hensiktsmessig å ha eit samla namn på eit større område. Sundet rundt øyane er kalla Bukkasundet.

Kommunen ønskjer med dette å endra områdeadressenamnet frå Bukken til Bukkasundet, slik at det høver for eit større område. Den tidlegare tildelte adressekoden vert ikkje endra. Bukkasundet står oppført i SSR som vedteken skrivemåte.

Innkomne forslag: Ingen
Adm. forslag: Bukkasundet
Tilråding frå Språkrådet: Bukkasundet

Akode 4017: Ettersundosen

Lokasjon: Fleire øyar ved gnr 37, 38 – Anglavika, Vågo.
Osen litt lenger sør for området er kalla Ettersundosen, og endar ved øyane der ein no treng adresse. Kommunen finn det hensiktsmessig å ha eit samla namn på eit større område. Ettersundosen står oppført i SSR som vedteken skrivemåte.

Innkomne forslag: Ingen
Adm. forslag: Ettersundosen
Tilråding frå Språkrådet: Ettersundosen

Akode 4019: Opsøyna

Lokasjon: Øy ved gnr 120 – Opsøyna.
Dette er namnet på øya og garden.
Opsøyna står oppført i SSR som vedteken skrivemåte.

Innkomne forslag: Ingen
Adm. forslag: Opsøyna
Tilråding frå Språkrådet: Opsøyna

Akode 4020: Brakholmen

Lokasjon: Holme ved gnr 104 – Lerøyna.
Dette er namnet på holmen.
Brakholmen står oppført i SSR som godkjent og prioritert skrivemåte.

Innkomne forslag: Ingen
Adm. forslag: Brakholmen
Tilråding frå Språkrådet: Brakholmen

Akode 4021: Skurvholmen

Lokasjon: Holme ved gnr 104 – Lerøyna.
Dette er namnet på holmen.
Skurvholmen står oppført i SSR som godkjent og prioritert skrivemåte.

Innkomne forslag: Ingen
Adm. forslag: Skurvholmen
Tilråding frå Språkrådet: Skurvholmen

Akode 4022: Beleholmen

Lokasjon: Holme ved gnr 104 – Lerøyna.
Dette er namnet på holmen.
Beleholmen står oppført i SSR som vedteken skrivemåte.

Innkomne forslag: Ingen
Adm. forslag: Beleholmen
Tilråding frå Språkrådet: Beleholmen

Akode 4023: Litlakinna

Lokasjon: Øy ved gnr 102 – Bjelkarøyna.

Dette er namnet på øya.
Litlakinna står oppført i SSR som vedteken skrivemåte.

Innkomne forslag: Ingen
Adm. forslag: Litlakinna
Tilråding frå Språkrådet: Litlakinna

Akode 4024: Storakinna
Lokasjon: Øy ved gnr 102 – Bjelkarøyna.
Dette er namnet på øya.
Storakinna står oppført i SSR som vedteken skrivemåte.

Innkomne forslag: Ingen
Adm. forslag: Storakinna
Tilråding frå Språkrådet: Storakinna

Akode 4025: Spildholmen
Lokasjon: Holme ved gnr 142 – Kåravika.
Dette er namnet på holmen.
Spildholmen står oppført i SSR som vedteken skrivemåte.

Innkomne forslag: Ingen
Adm. forslag: Spildholmen
Tilråding frå Språkrådet: Spildholmen

Akode 4026: Kørelen
Lokasjon: Område langs vatnet Kørelen.
Kørelen er namn på vatnet som omsluttar seg delar av utstrekningen av området som skal adresserast.
Kørelen står oppført i SSR som vedteken skrivemåte.

Innkomne forslag: Ingen
Adm. forslag: Kørelen
Tilråding frå Språkrådet: Kørelen

Akode 4027: Høset
Lokasjon: Vik ved gardsnr 138 og 139 – Midttveita og Telle.
Dette er namnet på vika.
I SSR står vika oppført som Hoset. I språksamlinga Hordanamn står vika oppført som Høset. I kommunen sitt forslag vart skrivemåte frå SSR nytta. Språkrådet tilrådde derimot skrivemåte frå Hordanamn, og kommenterer det slik: *«(I namneskjemaet: Hoset; denne skrivemåten skuldast venteleg ein avskriftsfeil i SSR.) På nettsida Hordanamn er namnet på naturlokaliteten registrert med oppslagsforma Høset, og det er lese inn med ein tydeleg /ø/ i første stavinga. Namnet bør skrivast Høset i offentleg samanheng. Namnet er bunden form av inkjekjønnsordet høs(e) nytta med tydinga 'trengt søkk/trong passasje'. Tilrådd adressenamnform: Høset.»*
Kartverket har i epost frå 01.03.2024 kommentert slik til tilrådinga frå Språkrådet: *«Kartverket har no registrert Høset som godkjend og prioritert skrivemåte, slik Språkrådet meiner er rett. Det avleidde adressenamnet må difor skrivast på same måte, slik dei tilrår.»*
Kommunen stør seg til denne slutninga, og innstiller Høset som områdeadressenamn.

Innkomne forslag: Ingen
Adm. forslag: Hoset
Tilråding frå Språkrådet: Høset
Innstilling til vedtak: Høset

Akode 4028: Torvaneset
Lokasjon: Hytteområde ved gnr 2 – Kallestad.

Torvaneset står oppført i språksamlinga Hordanamn for dette området.

Innkomne forslag: Ingen

Adm. forslag: Torvaneset

Tilråding frå Språkrådet: Torvaneset

Akode 4029: Myntevik

Lokasjon: Hytteområde ved gnr 53 – Tellnes.

Kommunen sitt opprinnelege forslag var Irsneset, og dette namnet vart sendt ut saman med høyringa. I høyringsperioden kom det inn eitt forslag frå ein som er lokalkjend. Her vart det foreslått Mynteviken. Språkrådet tilrådde Irsneset med denne forklaringa: «*Med tanke på den plasseringa som namnet Irsneset har på nettsidene Norgeskart og Hordanamn, verkar det mest naturleg å leggja dette til grunn for områdenamnet; namnet Irsneset tykkjest vera godt dekkjande for området. (Namnet på vika på austsida av neset bør skrivast Myntevika. Jamfør med nettsida Hordanamn.)*

Tilrådd adressenamnform: Irsneset.»

Innspelet som kom inn lydte slik: «*[...] så vil jeg foreslå Mynteviken fremfor Irsneset. Såvidt jeg vet er Irsneset ytterst på neset i området, og Mynteviken dekker mer av bebyggelsen.»*

Kommunen stolar på innsendaren sin lokalkunnskap for området. Språkrådet skriv i si tilråding at Mynteviken bør skrivast Myntevika, i tråd med nettsida Hordanamn.

Myntevika står oppført i språksamlinga Hordanamn for dette området.

Kartverket har i epost frå 01.03.2024 kommentert slik til tilrådinga frå Språkrådet: «*Kartverket har no lagt inn Myntevik som godkjend skrivemåte i namnet på vika i Sentralt stadnamnregister (SSR). Namnet stod i økonomisk kartverk, men det var utelate då namna derifrå tidlegare vart lagde inn i SSR. Dersom namnet skal leggjast til grunn for adressenamn på staden, må adressenamnet ev. skrivast Myntevik. Om kommunen (eller Språkrådet) vil ha ein annan skrivemåte av dette namnet, må de ev. ta opp namnesak for naturnamnet. Dersom Myntevik skal leggjast til grunn for adressenamnet, må endeleg fastsetjing av adressenamnet då setjast på vent.»*

Kommunen stør skrivemåten Myntevik i samsvar med Kartverket, og innstiller Myntevik som områdeadressenamn.

Innkomne forslag: Mynteviken

Adm. forslag: Irsneset

Tilråding frå Språkrådet: Irsneset

Innstilling til vedtak: Myntevik

Akode 4030: Vikane

Lokasjon: Hytte ved gnr 52 – Haganes.

Det er kome inn eitt innspel til dette området: «*Forslaget til stedsnavn er VIKANE, men det er bare der fritidseiendommen ligger. Viken til venstre i kartet heter KALVATRE. Mitt forslag er at bare der fritidseiendommen ligger skal hete VIKANE.»*

Slik kommunen forstår er Vikane namnet på området som no skal adresserast. Når det gjeld namnet Kalvatre, så finst dette som eit adressenamn i kommunen allereie: Kalvatræ (ved Kallestad), og vert dermed ikkje aktuell kandidat til vidare diskusjon.

Vikane står oppført i språksamlinga Hordanamn for dette området.

Innkomne forslag: Vikane, Kalvatre

Adm. forslag: Vikane

Tilråding frå Språkrådet: Vikane

Akode 4031: Løno

Lokasjon: Øy ved gnr 14 – Lokøyna.

Dette er namnet på øya.

Løno står oppført i SSR som vedteken skrivemåte.

Innkomne forslag: Ingen

Adm. forslag: Løno

Tilråding frå Språkrådet: Løno

Akode 4032: Lyngholmssundet

Lokasjon: Fleire holmar ved gnr 14 – Lokøyna.

Dette er namnet på sundet i området.

Lyngholmssundet står oppført i SSR som godkjent og prioritert skrivemåte.

Innkomne forslag: Ingen

Adm. forslag: Lyngholmssundet

Tilråding frå Språkrådet: Lyngholmssundet

Akode 4033: Geitarøyna


Lokasjon: Øyar ved gnr 14 – Lokøyna.

Kommunen foreslo Rundholmen som områdeadressenamn her, og sendte dette ut saman med høyringa. I Hordanamn står Rundholmen oppført på det aktuelle området som skal adresserast. I høyringsperioden kom det eitt innspel: « [...] Siden det er en annen holme der ute (vest for min holme) som heter Rundholmen (dere kan jo se på eksisterende kart) synes navneforslaget fra dere ikke passer. Jeg foreslår at holmen vår skal hete: Litle geitarøy». Øya Rundholmen det er tale om i innspelet ligg om lag 450 meter vest for ønska område.

Det kan sjå ut som om Språkrådet ikkje har teke omsyn til denne opplysninga, då dei tilrår Rundholmen likevel. Språkrådet skriv i tilrådinga si: «Adresseområdet omfattar berre den holmen som på nettsida Hordanamn er registrert med namneforma Rundholmen. (Det andre namnet som er nemnt her (Litle Geitarøy), er knytt til ein annan holme, ein holme som då ikkje er teken med i adresseområdet. Sjå på nettsida Norgeskart. I SSR er dette namnet registrert med skrivemåten Litla Geitarøyna som eineform.) Tilrådd adressenamnform: Rundholmen»

Kommunen er samd med Språkrådet i at ein ikkje kan nytta Litla Geitarøyna på denne parsellen, sidan det er ei anna øy ca 250 meter aust for det aktuelle område. Men kommunen ønskjer å gå innspelet i møte, ved å innstille Geitarøyna som adressenamn. Det er den største øya som omsluttar området som skal adresserast. Dette er ei ubebyggt øy, men ligg svært nær område som no skal få områdeadressenamn. Adresseparsellen vert difor utvida til å gjelda større område, sjølv om det meste er ubebyggt. Kommunen sender ikkje det nye forslaget på nytt til Språkrådet, då vi anser det som allereie vurdert av Språkrådet, i det dei skriv dette om naboøya, Litla Geitarøyna: «I SSR er dette namnet registrert med skrivemåten Litla Geitarøyna som eineform».

Geitarøyna står oppført i SSR som vedteken skrivemåte.



Illustrasjonen (kartutsnitt frå Hordanamn) viser Rundholmen i vest, Litla Geitarøyna i aust. Ein foreslår difor Geitarøyna som adressenamn på området teikna i raud strek. Den største øya heiter Geitarøyna, står oppført i SSR og er ein vedteken skrivemåte (2001).

Innkomne forslag: Litle Geitarøy

Adm. forslag: Rundholmen

Tilråding frå Språkrådet: Rundholmen

Innstilling til vedtak: Geitarøyna

Akode 4034: Veløyna

Lokasjon: Øy ved gnr 11 – Møvika.

Dette er namnet på øya.

Veløyna står oppført i SSR som vedteken skrivemåte.

Innkomne forslag: Ingen

Adm. forslag: Veløyna

Tilråding frå Språkrådet: Veløyna

Akode 4035: Storholmen

Lokasjon: Holme ved gnr 15 – Skålvika.

Dette er namnet på holmen.

Storholmen står oppført i SSR som godkjent og prioritert skrivemåte.

Innkomne forslag: Ingen

Adm. forslag: Storholmen

Tilråding frå Språkrådet: Storholmen

Akode 4036: Kongvika

Lokasjon: Hytteområde ved gnr 18 – Algrøyna.

Dette er namnet på vika i området.

I høyringsperioden kom det inn eitt innspel. Innspelet stadfesta namnet på vika: «[...] Når det gjelder 18/177 så vil området Kongvika passe, da det ligger ved vika.»

Kongvika står oppført i SSR som vedteken skrivemåte.

Innkomne forslag: Kongvika

Adm. forslag: Kongvika

Tilråding frå Språkrådet: Kongvika

Akode 4037: Snekkevikholmane

Lokasjon: Fleire holmar ved gnr 43 – Snekkevika.

Namnet er sett saman av gardsnamnet og området som no skal adresserast. Språkrådet har denne kommentaren i tilrådinga: «*Adresseområdet omfattar fleire holmar attmed Snekkevika. (Det vart vedteke 20. mars 1996 at det aktuelle gardsnamnet, namnet på gnr. 43 i Øygarden kommune, skal skrivast Snekkevika i offentleg samanheng. Alle holmane høyrer til gnr. 43.) Namnet er ikkje registrert korkje i SSR eller på nettsida Hordanamn. Me finn det likevel naturleg at namnet (i adressesamanheng) blir nytta som samlenamn på dei holmane som høyrer til garden Snekkevika. Kommunen skriv slik om dette: «Kommunen meiner at ved så mange konsentrert bebygde øyar, vil det vera hensiktsmessig å ha eit samla namn på eit større område.» Tilrådd adressenamnform: Snekkevikholmane.»*

Innkomne forslag: Ingen

Adm. forslag: Snekkevikholmane

Tilråding frå Språkrådet: Snekkevikholmane

Akode 4038: Arefjordpollen

Lokasjon: Hytteområde ved gnr 36 – Foldnes.

Dette er namnet på pollen i området.

Arefjordpollen står oppført i SSR som godkjent og prioritert skrivemåte.

Innkomne forslag: Ingen

Adm. forslag: Arefjordpollen

Tilråding frå Språkrådet: Arefjordpollen

Akode 4039: Vestre Bildøyna

Lokasjon: Hytteområde ved gnr 34 – Bildøyna.

Øya heiter Bildøyna og området som no skal adresserast ligg i nordvestre del av øya. Det er allereie ei områdeadresse med namn Nordre Bildøyna i nærleiken.
Bildøyna står oppført i SSR som vedteken skrivemåte.

Innkomne forslag: Ingen
Adm. forslag: Vestre Bildøyna
Tilråding frå Språkrådet: Vestre Bildøyna

Akode 4040: Foldnesholmane

Lokasjon: Fleire holmar og eit nes på foldnesfastlandet ved gnr 36 – Foldnes.
Språkrådet skriv mykje i denne tilrådinga men oppsummerer slik: «[...] Difor kan det vera ein fordel om samlenamnet tek utgangspunkt i gardsnamnet Foldnes. Då står ein att med dei føreslegne alternativa Foldnessunda, Foldnesosen, Foldnesholmene (/ Foldnesholmane) og Foldnesøyane. Ingen av desse fire namna er registrerte frå før, korkje i SSR eller på sida Hordanamn. Berre eitt av dei åtte delnamna som er nemnde ovom her, inneheld nemninga øy (f.), medan fem av namna endar på -holmen. Me finn det difor lite tilrådeleg å la adresseområdet få namnet Foldnesøyane. Sidan ordet os med tydinga 'ope sjøestykke' ikkje blir nytta som ei daglegtalemnemning i lokalmiljøet i dag, verkar det utilrådeleg å ta Foldnesosen i bruk som namn på adresseområdet. (Dette hadde då vore annleis viss Foldnesosen var eit nedarva namn i området.) Med tanke på det at mange av delnamna har -holmen som etterlekk, tykkjest Foldnesholmane vera det beste alternativet til namn på adresseområdet. Me må tilrå at namnet blir skrive Foldnesholmane, med endinga -ane. (Jamfør med punkt 2 i Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn. Der står det: «Bruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform, bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter den nedervde lokale uttalen.») Adresseområdet består av fem–seks holmar og eit nes, men neset er ikkje så stort, og difor må holmane seiast å vera temmeleg dominerande i området. Sidan så alle holmane (til liks med neset) høyrer til garden Foldnes, vil Foldnesholmane vera eit godt dekkjande namn på adresseområdet.»

Kommunen seier seg samd i at det kan vere tilrådeleg å adressere til holmar i stadenfor sund her, då adresseobjekta er lokalisert på holmane. Kommunen sluttar seg difor til Språkrådet si tilråding.

Innkomne forslag: Foldnesosen, Straumsosen, Foldnesøyane, Foldnesholmene (evt namn på kvar holme: Kobbholmen, Buholmen, Synstholmen, Trettholmen, Høgøyholmen, Gangstøholmen og Klubben/Gangstøvika)

Adm. forslag: Foldnessunda
Tilråding frå Språkrådet: Foldnesholmane
Innstilling til vedtak: Foldnesholmane

Akode 4041: Bruane

Lokasjon: Hytteområde ved gnr 36 – Foldnes.
Dette er namnet på neset i området.
Bruane står oppført i SSR som vedteken skrivemåte.

Innkomne forslag: Ingen
Adm. forslag: Bruane
Tilråding frå Språkrådet: Bruane

Akode 4042: Søre Knappavågen

Lokasjon: Område ved gnr 27,28 – Ågotnes og Spjeld.
Dette er namnet på vågen i området.
Det er kome eitt innspel til dette namnet som lyder mellom anna: «[...] Søre Knappavågen er for oss en vik nede ved sjøen der vi har søre og nore knappavågen, mens det lille tjerne som ligger ved veien vår ble kalt trolletjørna fra gammelt av.»
Kommunen tolkar svaret slik at det ikkje er ueinighet i at vågen det er tale om her er kalla for Søre Knappavågen.
Søre Knappavågen står oppført i SSR som vedteken skrivemåte.

Innkomne forslag: Søre Knappavågen

Adm. forslag: Søre Knappavågen
Tilråding frå Språkrådet: Søre Knappavågen

Akode 4043: Breiholmen

Lokasjon: Holme ved gnr 23 – Angeltveit.
Dette er namnet på holmen.
Breiholmen står oppført i SSR som godkjent og prioritert skrivemåte.

Innkomne forslag: Ingen
Adm. forslag: Breiholmen
Tilråding frå Språkrådet: Breiholmen

Akode 4044: Buholmen

Lokasjon: Holme ved gnr 23 – Angeltveit.
Dette er namnet på holmen.
Buholmen står oppført i SSR som godkjent og prioritert skrivemåte.

Innkomne forslag: Ingen
Adm. forslag: Buholmen
Tilråding frå Språkrådet: Buholmen

Akode 4045: Midtbuarøyna

Lokasjon: Øy ved gnr 23 – Angeltveit.
Dette er namnet på øya.
I høyringa kom det inn eitt innspel. Innspelet stadfesta namn på øya: «[...]For oss er det naturleg at kommunens forslag Midtbuarøyna blir valgt. Dette er navnet på øyen der hytten befinner seg [...]».
Midtbuarøyna står oppført i SSR som vedteken skrivemåte.

Innkomne forslag: Midtbuarøyna
Adm. forslag: Midtbuarøyna
Tilråding frå Språkrådet: Midtbuarøyna

Akode 4046: Nordra Sandøyna

Lokasjon: Øy ved gnr 24 – Landro.
Dette er namnet på øya.
Nordra Sandøyna står oppført i SSR som vedteken skrivemåte.

Innkomne forslag: Ingen
Adm. forslag: Nordra Sandøyna
Tilråding frå Språkrådet: Nordra Sandøyna

Akode 4047: Landroøyna

Lokasjon: Øy ved gnr 24 – Landro.
Språkrådet har denne kommentaren til val av namnet: «Adresseområdet omfattar berre denne øya. I SSR er namnet registrert med den usamansette namneforma Øyna. Denne øya er i grunnen ei halvøy. Ho er knytt (med eit lite eid) til den sentrale delen av garden Landro (gnr. 24). Kommunen skriv: «Kommunen føresler Landroøyna som adressenamn på området. Øya ber namnet Øyna i følgje SSR. Dette er eit namn som skildrar dårleg geografisk kvar dette er. Kommunen føresler difor å setja gardsnamnet framføre slik at ein får betre visshet i kvar dette ligg plassert. Landro er oppført i Sentralt stadnamnregister (SSR) som godkjent og prioritert skrivemåte.» Me finn det naturleg å støtta det som kommunen skriv her. Tilrådd adressenamnform: Landroøyna.»
Kartverket har i epost frå 01.03.2024 kommentert slik til tilrådinga frå Språkrådet: «Kartverket har ikkje motførestillingar mot kommunen og Språkrådet sine framlegg om Landroøyna som adressenamn [...]»

Innkomne forslag: Ingen
Adm. forslag: Landroøyna

Tilråding frå Språkrådet: Landroøyna

Akode 4048: Oksen

Lokasjon: Holme ved gnr 59 – Misje.

Dette er namnet på holmen.

Oksen står oppført i SSR som vedteken skrivemåte.

Innkomne forslag: Ingen

Adm. forslag: Oksen

Tilråding frå Språkrådet: Oksen

Akode 4049: Giljeneset

Lokasjon: Hytteområde ved gnr 60 – Turøyna.

Dette er namnet på neset i området.

Giljeneset står oppført i SSR som godkjent og prioritert skrivemåte.

Innkomne forslag: Ingen

Adm. forslag: Giljeneset

Tilråding frå Språkrådet: Giljeneset

Akode 4050: Misjesundet

Lokasjon: Område ved gnr 59 – Misje.

Dette er namnet på sundet mellom fastlandet ved Misje og øyane utanfor.

Misjesundet står oppført i SSR som vedteken skrivemåte.

Innkomne forslag: Ingen

Adm. forslag: Misjesundet

Tilråding frå Språkrådet: Misjesundet

Endå eitt innspel er kome inn, men omhandlar ikkje spesifikt ein områdeparsell, men innspelet er gitt generelt, og om det kan passe på eitt av områda. Språkrådet har teke seg tid å kommentere innspelet og har denne tilbakemeldinga: *«Kommunen har fått inn eit forslag om å leggja personnamnet Torbjørn Bildøy til grunn for namnet på eitt av adresseområda. Dette forslaget kan me ikkje støtta. Det finst ingen tradisjon for å la namn på adresseområde ta utgangspunkt personnamn».*

Folkehelseperspektiv:

Det er klare fordelar med offentlege adresser i kommunen.

Kartverket skriv mellom anna dette på sine nettsider:

«En presis adresse er mange steder en forutsetning for at ambulanse og andre utrykningskjøretøyer skal finne raskt fram. Verdifulle minutter og i verste fall liv kan gå tapt på grunn av uklare kjørebeskrivelse.

Med stadig mer sentraliserte alarmsentraler kan man ikke lenger forvente lokalkunnskap hos den som tar imot nødtelefonen. Misforståelser kan oppstå når adressen som oppgis er mangelfull, ikke minst i områder der man fortsatt bare opererer med gårds- og bruksnummer, eller der det mangler adressenavnskilt (vegnavnskilt) og adressenummerskilt (husnummer).»

Økonomiske konsekvensar:

Eining eigedomsforvaltning har ansvar for å setje opp adressenamnskilt og tilvisingsskilt der dette er naudsynt. Dette går frå driftsbudsjettet til Eining eigedomsforvaltning.

Vurdering:

Bukkasundet – Endra frå tidlegare vedtak: Bukken. Ingen innspel frå publikum. Bukkasundet er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at områdeadressenamnet Bukken vert omgjort til Bukkasundet. Adressenamnet beheld adressekode 2080.

Ettersundosen – Ingen innspel frå publikum. Ettersundosen er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Ettersundosen vert områdeadressenamn med adressekode 4017.

Opsøyna – Ingen innspel frå publikum. Opsøyna er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Opsøyna vert områdeadressenamn med adressekode 4019.

Brakholmen – Ingen innspel frå publikum. Brakholmen er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Brakholmen vert områdeadressenamn med adressekode 4020.

Skurvholmen – Ingen innspel frå publikum. Skurvholmen er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Skurvholmen vert områdeadressenamn med adressekode 4021.

Beleholmen – Ingen innspel frå publikum. Beleholmen er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Beleholmen vert områdeadressenamn med adressekode 4022.

Litlakinna – Ingen innspel frå publikum. Litlakinna er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Litlakinna vert områdeadressenamn med adressekode 4023.

Storakinna – Ingen innspel frå publikum. Storakinna er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Storakinna vert områdeadressenamn med adressekode 4024.

Spildholmen – Ingen innspel frå publikum. Spildholmen er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Spildholmen vert områdeadressenamn med adressekode 4025.

Kørelen – Ingen innspel frå publikum. Kørelen er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Kørelen vert områdeadressenamn med adressekode 4026.

Høset – Ingen innspel frå publikum. Høset er ikkje i tråd med forslaget frå administrasjonen. Men Språkrådet tilrår skrivemåten Høset, og Kartverket stadfestar Språkrådet si tilråding. På grunn av grunngevinga til Språkrådet stør administrasjonen Høset som skrivemåte. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Høset vert områdeadressenamn med adressekode 4027.

Torvaneset – Ingen innspel frå publikum. Torvaneset er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Torvaneset vert områdeadressenamn med adressekode 4028.

Myntevik – Det er kome eitt innspel frå publikum; Mynteviken. Dette er ikkje i samsvar med administrasjonen sitt forslag som var Irsneset. Språkrådet tilrår Irsneset, men har ingen innvendingar mot Mynteviken, men då med skrivemåte Myntevika. Kartverket har kommentert tilrådinga frå Språkrådet, og slår fast at skrivemåte på adressenamnet må vere Myntevik, iht økonomisk kartverk. Administrasjonen vel å lytta til dei lokale kjende og stør innspelet, Mynteviken, men med korrigert skrivemåte i samsvar med Kartverket si grunngeving: Myntevik. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Myntevik vert områdeadressenamn med adressekode 4029.

Vikane – Det er kome eitt innspel frå publikum. Vikane er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Vikane vert områdeadressenamn med adressekode 4030.

Løno – Ingen innspel frå publikum. Løno er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Løno vert områdeadressenamn med adressekode 4031.

Lyngholmssundet – Ingen innspel frå publikum. Lyngholmssundet er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Lyngholmssundet vert områdeadressenamn med adressekode 4032.

Geitarøyna – Det er kome eitt innspel frå publikum; Litle Geitarøy. Dette er ikkje i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet som tilrådde Rundholmen. Då dette er ein anna holme like vest for staden som no treng adresse, blir det feil å bruke Rundholmen her. Innsendaren foreslår Litle Geitarøy, men denne finst også ein annan stad i nærleiken. Administrasjonen foreslår å bruka namnet til den største øya i området, som også er nær staden som treng adresse: Geitarøyna. Språkrådet tilrår skrivemåten Geitarøyna. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Geitarøyna vert områdeadressenamn med adressekode 4033.

Veløyna – Ingen innspel frå publikum. Veløyna er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Veløyna vert områdeadressenamn med adressekode 4034.

Storholmen – Ingen innspel frå publikum. Storholmen er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Storholmen vert områdeadressenamn med adressekode 4035.

Kongvika – Det er kome eitt innspel frå publikum. Innspelet er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet, Kongvika. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Kongvika vert områdeadressenamn med adressekode 4036.

Snekkevikholmane – Ingen innspel frå publikum. Snekkevikholmane er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Snekkevikholmane vert områdeadressenamn med adressekode 4037.

Arefjordpollen – Ingen innspel frå publikum. Arefjordpollen er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Arefjordpollen vert områdeadressenamn med adressekode 4038.

Vestre Bildøyna – Ingen innspel frå publikum. Vestre Bildøyna er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Vestre Bildøyna vert områdeadressenamn med adressekode 4039.

Foldnesholmane – Det er kome mange innspel frå publikum. Foldnesholmane er blant dei innsende innspela. Foldnesholmane er ikkje i tråd med forslaget frå administrasjonen men er tilrådd frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Foldnesholmane vert områdeadressenamn med adressekode 4040.

Bruane – Ingen innspel frå publikum. Bruane er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Bruane vert områdeadressenamn med adressekode 4041.

Søre Knappavågen – Det er kome eitt innspel frå publikum. Innspelet er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet, Søre Knappavågen. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Søre Knappavågen vert områdeadressenamn med adressekode 4042.

Breiholmen – Ingen innspel frå publikum. Breiholmen er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Breiholmen vert områdeadressenamn med adressekode 4043.

Buholmen – Ingen innspel frå publikum. Buholmen er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Buholmen vert områdeadressenamn med adressekode 4044.

Midtbuarøyna – Det er kome eitt innspel frå publikum. Innspelet er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet, Midtbuarøyna. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Midtbuarøyna vert områdeadressenamn med adressekode 4045.

Nordra Sandøyna – Ingen innspel frå publikum. Nordra Sandøyna er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Nordra Sandøyna vert områdeadressenamn med adressekode 4046.

Landroøyna – Ingen innspel frå publikum. Landroøyna er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Landroøyna vert områdeadressenamn med adressekode 4047.

Oksen – Ingen innspel frå publikum. Oksen er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Oksen vert områdeadressenamn med adressekode 4048.

Giljeneset – Ingen innspel frå publikum. Giljeneset er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Giljeneset vert områdeadressenamn med adressekode 4049.

Misjesundet – Ingen innspel frå publikum. Misjesundet er i tråd med forslaget frå administrasjonen og tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Misjesundet vert områdeadressenamn med adressekode 4050.

Klagerett:

Det er klagerett på vedteke skrivemåte av adressenamn.

Vedtak kan påklagast av dei som etter Stadnamnlova § 6 (bokstav a-c), har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn Jf. Stadnamnlova § 12 – Klage:

- a. eit offentleg organ og andre som er nemnde i § 1 tredje ledd*
- b. eigaren eller festaren i saker som gjeld namn på eige gardsbruk eller eigedom*
- c. ein lokal organisasjon med særleg tilknytning til eit stadnamn*

Klagefrist er 3 veker frå kunngjering. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen, jf. forvaltningslova §§ 29 og 30. Klaga skal grunnigvast og sendast skriftleg til kommunen, jf. forvaltningslova §32.

Kommunen handsamar klagen i tråd med gjeldande lovverk. Dersom klagen ikkje vert teke til følge, vert saka sendt til Klagenemnda for stadnamnsaker. Klagenemnda sitt vedtak er endeleg.

Med helsing

Hanna Gjesdal
Einingsleiar

Agnethe Veivåg
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur

Kopi til

Algrøy Bygdalag	Nordre Øyavegen 271	5357	FJELL
Fjell Kulturminnelag	Midskarhaugen 1	5360	KOLLTVEIT
Fjell Turlag	Skjenemarka 14	5363	ÅGOTNES
Kallestad og Trengerid Grendalag	Kallestadvegen 32	5382	SKOGSVÅG
Kørelen Grunneigarlag	Vågsbrekko 21	5382	SKOGSVÅG
Landro Grendalag	Landrovegen 267	5363	ÅGOTNES
Lokøy Velforening	Otersvika 26	5357	FJELL
Misje Bygdalag	Krakhaugen 7	5366	MISJE
Nordre Arefjord Veilag	Arefjordvegen 23	5350	BRATTHOLMEN
Sotra Mållag	Grøndalen 98	5357	FJELL
Sotra Øygarden Turlag	Grøndalen 9B	5357	FJELL
Spjeld Grendalag	Spjeldsfjellet 17	5363	ÅGOTNES
Sund Sogelag	Dalen 14	5379	STEINSLAND
Sund Turlag	Telamyra 25	5280	TÆLAVÅG
Telavåg Velforening		5380	TÆLAVÅG
Tellnes Grendalag	Buabrekko 11	5357	FJELL
Turøy Grendalag		5365	TURØY
Vestre Angeltveit Velforening		5363	ÅGOTNES
Våge-Foldnes Grendalag	Anglavikvegen 7	5354	STRAUME
Øygarden mållag	Helgebrekka 26	5337	RONG
Øygarden Sogelag	Hellesundvegen 4B	5334	HELLESØY
Øygarden Turlag	Fagerdalsvegen 18	5337	RONG
Ågotnes Mållag			

Vedlegg

Innspel - om Mynteviken
Innspel - om Rundholmen, Litle Geitarøy
Innspel - om Midtbuarøyna
Innspel - om Vikane
Innspel - om Kongvika
Innspel - om Søre Knappavågen
Innspel - om Foldnesøyane
Innspel - om Foldnessunda
Innspel - om Foldnessunda- Straumsosen

Vedlegg

Innspel - om Foldnesosen

Innspel - generell plassering

Uttale og tilråding til områdeadressenamn - Språkrådet

Kartverket si tilråding områdeadressenamn –

Bukkasundet, Opsøyana, Kørelen og Løno mfl.

kartutsnitt 1

kartutsnitt 2

kartutsnitt 3

kartutsnitt 4

kartutsnitt 5

kartutsnitt 6

kartutsnitt 7

kartutsnitt 8